

## Handlingsplan for internasjonalisering 2022-2025

*HVO skal styrke sin posisjon som ein internasjonalt aktiv og orientert høgskule, der internasjonalisering vert nytta målretta til å heve kvaliteten på både utdanning og forskning.*

<b>Viktige indikatorar for internasjonalisering</b>	
Tal på utvekslingsavtalar med høgskular/universitet i utlandet (per 01.06.2021)	<b>139</b>
Utreisande <i>utvekslingsstudentar</i> <sup>1</sup> per kalenderår, gj.snitt 2015-2019	<b>114</b>
<i>Utvekslingsandel</i> <sup>2</sup> ved Bachelor- og Master-program, gj.snitt 2015-2019	<b>18%</b>
HVO studentar på praksis i utlandet (minimum 4 veker) per kalenderår, gj.snitt 2015-2019	<b>39</b>
Innreisande utvekslingsstudentar til HVO per kalenderår, gj.snitt 2015-2019	<b>125</b>
Studentar med ikkje-norsk statsborgarskap ved HVO per kalenderår, gj.snitt 2015-2019	<b>238</b>
Erasmus-stipend tildelt HVO-tilsette per kalenderår, gj.snitt 2015-2019	<b>35</b>
Erasmus-stipend tildelt innreisande gjesteførelsesarar per kalenderår, gj.snitt 2015-2019	<b>11</b>
Deltaking i <i>Erasmus+ Samarbeidspartnarskap</i> – aktive per 01.06.2021	<b>1</b>
Deltaking i <i>Erasmus+ sentraliserte prosjekt</i> <sup>3</sup> – aktive per 01.06.2021	<b>1</b>
Internasjonale samforfattarskap på tidsskriftsartiklar per år, gj.snitt 2015-2019	<b>8,5</b>

<sup>1</sup> *Utvekslingsstudent* = ein student som fullfører praksis eller del-studie i utlandet av minimum 3 md. lengde

<sup>2</sup> *Utvekslingsandel* = prosent av fullførte kandidatar som har vore på utveksling i løpet av graden ved HVO

<sup>3</sup> *Sentraliserte prosjekt* = Større og meir omfattande Erasmus+ prosjekt (Key Action 2 & 3), der ein søker direkte til Europakommisjonen i Brussel og ikkje til HK-Dir som er nasjonalkontor for Erasmus+ i Noreg

### Målområde 1: Erasmus+ og andre støtteordningar for internasjonalisering

- 1.a HVO skal auke talet på studentar som utvekslar gjennom *Erasmus+* programmet ved å erstatte lite aktive avtalar med meir attraktive utvekslingsdestinasjonar i Europa
- 1.b HVO skal søke meir midlar frå programmet *Erasmus+ Global Mobilitet* som kan støtte samarbeid med våre satsingsland utanfor EU/EØS-området; Russland, India, Japan, Canada og USA.
- 1.c HVO skal i løpet av planperioden delta i minst tre *Erasmus+ Samarbeidspartnerskap*, anten som koordinerande eller deltakande institusjon
- 1.d HVO skal delta i minimum ein søknad om sentraliserte prosjekt i Erasmus+, som t.d. *Europeiske lærarakademi*, *Innovasjonsalliansar* eller *Kunnskapsalliansar*
- 1.e HVO skal auke internasjonalt samarbeid og utveksling med land i det globale sør gjennom å kartlegge eksisterande partnerskap og søkje midlar frå *Utforsk*, *Norpart* og andre støtteordningar

### Målområde 2: Utreisande utveksling

- 2.a HVO skal *på sikt* nå Kunnskapsdepartementet si målsetning om 50% *utvekslingsandel*<sup>4</sup>. I denne planperioden legg vi grunnlaget for dette ved å forbetre informasjon om utveksling, tilby meir relevante utvekslingsavtalar og sikre at strukturen i studieprogramma legg til rette for utveksling
- 2.b Studentar ved HVO skal møtast med informasjon om internasjonale tilbod og utveksling allereie ved studiestart og deretter gjennom heile studieløpet, med tilpassa informasjon for sitt studieprogram knytt til utveksling og praksis i utlandet
- 2.c HVO skal sikre studentane optimalt læringsutbytte og fagleg refleksjon gjennom å tilby nettmøte med fagtilsette på studieprogrammet undervegs i utvekslingsopphaldet. Dette vil kunne binde opplevinga i utlandet tettare saman med studiet.
- 2.d HVO skal doble talet på studentar som gjennomfører praksis i utlandet ved å få inn midlar frå *Erasmus+*, *InternAbroad* og andre støtteprogram, marknadsføre desse ordningane betre og hjelpe fagmiljøa med å knyte nærare band til relevante praksisplassar i utlandet
- 2.e HVO skal styrke internasjonalisering i masterprogramma ved at Internasjonalt kontor møter med programansvarlege for å diskutere relevante tiltak som t.d. å betre integrere utveksling i studieplanen, utvikle engelskspråklege emne, leggje til rette for praksis/feltarbeid i utlandet og/eller samarbeide med masterprogram i utlandet om felles undervisning/emne etc.

---

<sup>4</sup> *Utvekslingsandel* = prosent av fullførte kandidatar som har vore på utveksling i løpet av graden ved HVO. Sjå Stortingsmelding 7: *En verden av muligheter – Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning*

### Målområde 3: Innreisande utveksling og internasjonale studentar ved HVO

- 3.a HVO skal sikre god søking til innreisande utveksling, NIS<sup>5</sup> og MMP<sup>6</sup> gjennom langsiktig og systematisk arbeid med internasjonal marknadsføring; inkludert arbeid med alumninettverk, nettsider, brosjyrar, sosiale media, reklame og deltaking på messer i utlandet
- 3.b Mangfaldet av internasjonale studentar skal sikrast ved å rekruttere fleire studentar frå utanfor Europa, anten sjølvfinansierte studentar eller gjennom finansiering frå støtteordningar som *Erasmus+ Global Mobilitet, Utforsk, Norpart, etc.*
- 3.c Alle bachelorprogram ved HVO bør tilby 30 studiepoeng med engelskspråklege emne som er relevante for både lokale og internasjonale studentar
- 3.d Internasjonale studentar, tilsette og gjestar skal føle seg velkomen på HVO og verte møtt av tilpassa engelskspråkleg informasjon på nettsider, i e-postar og gjennom skilting på campus der det er naturleg
- 3.e Lokale og internasjonale studentar skal integrerast best mogleg gjennom å skape naturlege møteplassar som t.d. Fadderveka, Pangaia og, mest av alt, gjennom medviten blanding av lokale og internasjonale studentar i undervisningsaktivitetar
- 3.f Internasjonalt kontor skal vidareutvikle «*Certificate of Internationalisation*» som eit integreringstiltak og sjå til at dette inspirerer fleire lokale studentar til å delta i internasjonaliseringsaktivitetar ved HVO (Internasjonal dag, Pangaia, Fadderveka, m.m.)

### Målområde 4: Internasjonalisering og kvalitetsarbeid

- 4.a Internasjonalt kontor skal tilby rettleiing og tips til fagtilsette for korleis ein utnyttar internasjonalt mangfald i klasserommet inn i undervisninga
- 4.b HVO skal betre synleggjere læringsutbytte og arbeidslivsrelevans av utveksling og praksis i utlandet ved å legge inn tekster om dette i vitnemålet til studentar som har vore på utveksling
- 4.c Relevans og kvalitet på internasjonaliseringsaktivitetane i kvart studieprogram skal vidareutviklast gjennom årlege møte mellom Internasjonalt kontor og seksjonar/institutt
- 4.d Internasjonalisering skal i auka grad vektleggast i utvikling og revisjon av studieprogram ved HVO
- 4.e I samarbeid med avdelingane skal Internasjonalt kontor utarbeide modellar for korleis utveksling og andre internasjonaliseringsaktivitetar kan integrerast inn i strukturen til studieprogramma
- 4.f Mobilitetsvindaugget i studieprogramma skal gjerast tydelegare i alle studieplanar og studieprogramma skal så langt som råd rydde plass til valfrie emne i dette semesteret

---

<sup>5</sup> NIS = Norsk for internasjonale studentar – eit årsstudium i norsk språk og samfunnskunnskap ved HVO

<sup>6</sup> MMP = Master in Media Practices – eit tverrfagleg masterprogram for medieutdanningane ved HVO

### Målområde 5: Tilsettutveksling og internasjonalt FoU-arbeid

- 5.a Talet på Erasmus+ stipend til innreisande gjesteførelesarar skal doblast til 20 per år ved å marknadsføre denne ordninga betre på HVO og gi informasjon til riktig tid
- 5.b HVO skal arbeide for at fleire fagtilsette etablerer internasjonale kontaktar gjennom å marknadsføre Erasmus+ tilsettstipend som eit lågterskeltilbod for faglege reiser til utlandet
- 5.c HVO skal gjere det lettare for fagtilsette å verte involvert i internasjonalt FoU-arbeid ved å opprette ressursgrupper av fagpersonar med erfaring frå internasjonal FoU-verksemd
- 5.d HVO skal auke talet på Ph.d.-kandidatar og faglege tilsette som gjennomfører forskingsopphald i utlandet (1 måned eller lengre), gjennom å etablere tydelege ordningar for tildeling av reisestøtte og marknadsføre dette betre på avdelingane
- 5.e HVO skal auke publisering i internasjonale kanalar og publikasjonar med internasjonalt samforfattarskap ved å oppmode fagtilsette og forskingsgrupper ved HVO til å inngå samarbeid med forskingsmiljø i utlandet

### Målområde 6: Miljø, berekraft og digital internasjonalisering

- 6.a HVO skal informere om og oppmode til berekraftig utveksling ved å opprette ei nettside om temaet, vise til moglegheiter for ekstra stipend og gi tips til miljøvennlege reiser
- 6.b HVO skal gjere det meir attraktivt å utveksle til våre naboland gjennom å etablere fleire og meir attraktive utvekslingsavtalar i Nord-Europa og løfte fram moglegheitene for kortreist utveksling
- 6.c HVO skal utvikle digitale internasjonale undervisningssamarbeid (på engelsk kjend som *COIL – Collaborative Online International Learning*) ved å identifisere kva studieprogram som er interessert og tilby administrativ støtte og hjelp til å søkje finansiering for slike partnarssamarbeid
- 6.d HVO skal informere om moglegheitene til å søkje Erasmus+ finansiering for *blandet mobilitet og Blended Intensive Projects*, dvs. virtuell utveksling blanda med kortvarig fysisk utveksling
- 6.e Internasjonalt kontor skal informere om moglegheitene for, og støtte opp under, digitale internasjonale gjesteførelsingar

### Målområde 7: Synleggjering og profilering internasjonalt

- 7.a HVO skal betre internasjonal profilering gjennom å opprette eit internasjonalt alumninettverk der tidlegare studentar lagar ein profil og deler sine erfaringar frå HVO og får tilbod om å abonnere på nyhende-brev m.m.
- 7.b HVO skal styrke internasjonal profilering i sosiale medium gjennom å auke produksjonen av engelskspråkleg innhald på *Instagram, YouTube* og andre plattformer, noko som også vil fungere rekrutterande for både inn- og utreisande utveksling
- 7.c For betre og meir profesjonell promotering av HVO i utlandet skal kommunikasjonskontoret vidareutvikle dokument-malar på engelsk og lage ein engelskspråkleg presentasjon av HVO